

Saksnr.: 21/3571

4.10.2021

Ny forskrift om tilskot til frivilligsentraler - høyringsnotat

Modell 1

«Fordeling etter samme prinsipp som før 2017 – et fast beløp per frivilligsentral. Denne ordningen er enkel, ubyråkratisk og godt kjent. En slik fordeling sikrer at alle eksisterende frivilligsentraler fortsatt kan regne med tilskudd til videre drift. Samtidig vil det fortsatt være store forskjeller mellom kommuner. Denne modellen er innrettet slik at tilskudd til nye frivilligsentraler enten må resultere i lavere tilskudd til alle, eller at rammen må økes tilsvarende. En slik mekanisme kan føre til press på ordningen»

Modell 4

«Gi en minstesats til alle kommuner med minst én frivilligsentral. Minstesatsen skal dekke utgifter til én sentral, sammen med lokal finansiering, og være på omtrent samme nivå som tidligere tilskudd per frivilligsentral. Resten av rammen fordeles likt etter innbyggerantall, men tilskuddet øremerkes frivilligsentralen(e). En slik fordeling gir en mer lik fordeling av tilskudd per innbygger, men sikrer fremdeles et tilbud om frivilligsentral i alle kommuner»

Innspel frå styret i Ål frivilligsentral:

Vi er glade for at kulturdepartementet legg opp til auka lokalt handlingsrom for kommunene fordi behova vi møter i ein frivilligsentral, vil variere frå lokalsamfunn til lokalsamfunn. Kunnskap om desse behova er nøkkelen for å lykkast som frivilligsentral.

Modell 1 er svært lik dagens fordeling, mens modell 4 inneberer større endingar.

Som ei distriktskommune under 5.000 innbyggjarar er det avgjerande å velge modell 1. For å drive ein frivilligsentral har vi dei same faste utgifter til lokaler, lønnsutgifter, kontigentar, lisensar og andre driftsutgifter uavhengig av innbyggjartal i kommunen. Vi meiner det er viktigare å sjå kva ein frivilligsentral får til. Det er ein stor gevinst for ei distriktskommune å ha ein frivilligsentral der samansetninga er heilt annleis enn i ein stor kommune.

I høyringsnotatet står det at målsetninga med den nye forskrifta for tilskot til frivilligsentraler er å skape gode og forutsigbare rammevilkår for frivilligsentraler slik at dei kan stimulere til frivillig innsats, vere opne møteplassar for befolkningen og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor. Ved å oppfylle Frivillighetsmeldinga, må vi ha forutsigbare rammevilkår for å drive ein frivilligsentral, og med modell 1 kan vi oppretthalde drifta vi har idag. Modell 1 er i tråd med Stortingets vedtak. Ved oppretting av nye frivilligsentralar bør departementet vurdere å auke rammene.

I 2018 etablerte vi Ål ungdomsfrivilligsentral og dette har vore ein stor suksess. Det er viktigare enn nokon gong å satse på ungdom. Vi har etablert ein velfungerande BUA-utstyrssentral som ved fleire anledningar har vore på topp på landsbasis over lånte einingar. Ungdomsklubben, som er ein blanding av møtestad og arrangement i tett dialog med ungdommen, har ungdomsfrivilligsentralen hovudansvar for. Det er ungdomsfrivilligsentralen som har ansvar for utlånet. I tillegg har ungdomsfrivilligsentralen hovedansvar for arbeidet med «Alle med», som er eit godt samarbeid med skuler/lag og organisasjonar.

Vi ser det svært viktig at dei eksisterande frivilligsentralane kan fortsetje drifta si med tilskotsordning frå KUD slik det har fungert tidlegare og meiner ikkje det bør setjast eit tak for kor mange frivilligsentralar ei kommune kan få tilskot til. Nøkkelen for og lykkast som ein velfungerande frivilligsentral er å ha kunnskap om behov.

Turid Hilde Gåsbakk, sekretær

A: 3570 ÅL
T: +47 907 77 495
Web: www.aal.frivilligsentral.no